

Møteinnkalling

Utval:	Ungdommens fylkesutval
Møtestad:	Fylkeshuset, Fylkesutvalssalen, 3. etg
Dato:	30.04.2014
Tid:	16:00

Møteprotokoll frå førre møte finn dykk på Politiske sakar (e-innsyn) på møte 11. april 2014.

Dagsorden:

kl. 16.00-20.00: Sakshandsaming

Dersom nokon av utvalet sine medleamar eller varamedleamar ikkje kan møta og må melde forfall, vert dei bedne om å gjera dette snarast råd til telefon 99 51 83 33 eller epost til:

ingeborg.borgen.takle@hfk.no.

Denne innkallinga gjeld valde medleamar og varamedleamar i Ungdommens fylkesutval.

Ungdommens fylkesutval i Hordaland

Agnes H. Bernes
utvalsleiar

Sakliste

Utvals- saknr	Innhald	Arkiv- saknr	U.Off.
PS 23/14	Godkjenning av innkalling		
PS 24/14	Godkjenning av sakliste		
PS 25/14	Godkjenning av møtebok frå forrige møte		
PS 26/14	Referatsaker (Meldingar)		
RS 17/14	Oppdatert møteplan - per 230414	2014/560	
RS 18/14	Oversikt økonomi - per 230414	2014/560	
PS 27/14	Ungdommens planprogram - framdrift	2014/560	
PS 28/14	T-skjortar til Ungdommens fylkesutval	2014/560	
PS 29/14	Informasjonspakke til Ungdommens fylkesutval	2014/560	
PS 30/14	Ny heimeside til Ungdommens fylkesutval	2014/560	
PS 31/14	Helgemøter for Ungdommens fylkesutval	2014/560	
PS 32/14	Erklæring frå Ungdommens fylkesutval - Grunnlovsseilassen	2014/560	
PS 33/14	Elevrådshandbok - vidare arbeid	2014/560	
PS 34/14	Ymse		

PS 23/14 Godkjenning av innkalling

PS 24/14 Godkjenning av sakliste

PS 25/14 Godkjenning av møtebok frå forrige møte

PS 26/14 Referatsaker (Meldingar)

	Jan	Feb	Mar	Apr	Mai	Jun	Jul	Aug	Sep	Okt	Nov	Des
Fylkestinget			11.-12.			11.-12.				14.-15.		9.-10.
Fylkesutvalet	30.	19.-20.	27.	23.-24.	20.	19.		28.	24.-25.	30.	19.-20.	4.
Kultur- og Ressursutvalet	21.	11.	18.	8.-9.	13.	3.		19.	16.	21.	11.-12.	2.
Opplæring- og Helseutvalet	21.	11.-12.	18.	8.	13.	3.		19.	16.-17.	21.	11.	
Samferdselsutvalet	22.	12.	19.	9.	13.-14.	4.		20.	16.-17.	22.	12.	
Fylkeseldrerådet		6.		9.		18.			18.	16.		3.
AU	16.		14.		15.			21.	25.		19.	
Konferanse										7.-8.		
Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne		12.	26.			11.			10.	29.		9.
AU	15.		12.		28.			27.		22.	27.	
Konferanse				3.								
Ungdommens Fylkesutval	24.	5. + 13.	27. + 28.-30.	11. + 30.	30.?	11.		27.	17.	14. + 24.	5.	12.
Ungdommens Fylkesting	25.-26.									25.-26.		
Administrasjonsutvalet			26.			18.				29.		3.
Klagenemnda												
Kontrollutvalet												
Valnemnda												
Fylkesvalstyret												

*Rød tekst: På dagtid.

- Februar: Dialogdag

- Mars: Presentasjon fylkesutvalet

- Oktober: oppdatering fylkestinget + budsjettmøte

DRIFT FOR A P R I L 2014

Revidert budsjett
R3/(1000 kr.)

Ansv.sted: 100330 Ungdommens Fylkesting Leder:

Konto	REGNSKAP MÅNEDEN	BUDSJETT MÅNEDEN	AVVIK	REGNSKAP HITTIL	BUDSJETT HITTIL	AVVIK	BUDSJETT 2014
Kostnader:							
11000 Budsjettfordeling		19	19		77	77	230
11150 Bevertning/ Matvarer				82		-82	
11231 Møteutgifter				67		-67	
11311 Bank-/postgebyr							
11600 Bilgodtgjersle, oppgaveplikt				6		-6	
11700 Reiseutgifter, ikke oppgave	1		-1	5		-5	
14290 MVA utanfor mva-loven				6		-6	
15008 Renter ved forseinka betalin							
SUM Kostnader:	2	19	17	166	77	-90	230
Inntekter:							
16231 Inntekt kursverksemd, kommun				-82		82	
17290 Kompensert mva.				-6		6	
SUM Inntekter:				-88		88	
NTO DRIFT	2	19	17	79	77	-2	230
NETTO Ungdommens Fylkesting	2	19	17	79	77	-2	230

DRIFT FOR A P R I L 2014

Revidert budsjett
R3/(1000 kr.)

Kostn.st.: 10033001 Utvalsmøtar

Leder:

Konto	REGNSKAP MÅNEDEN	BUDSJETT MÅNEDEN	AVVIK	REGNSKAP HITTIL	BUDSJETT HITTIL	AVVIK	BUDSJETT 2014
Kostnader:							
11150 <u>Beverting/ Matvarer</u>				4		-4	
11231 <u>Møteutgifter</u>							
11311 <u>Bank-/postgebyr</u>							
11600 <u>Bilgodtgjersle, oppgaveplikt</u>				1		-1	
11700 <u>Reiseutgifter, ikkje oppgave</u>	1		-1	1		-1	
14290 <u>MVA utanfor mva-loven</u>							
15008 <u>Renter ved forseinka betalin</u>							
SUM Kostnader:	1		-1	7		-7	

Inntekter:

17290 <u>Kompensert mva.</u>							
NTO DRIFT	1		-1	7		-7	
NETTO Utvalsmøtar	1		-1	7		-7	

DRIFT FOR A P R I L 2014

Revidert budsjett
R3/(1000 kr.)

Kostn.st.: 10033005 Ungdommens fylkesting Leder:

Konto	REGNSKAP MÅNEDEN	BUDSJETT MÅNEDEN	AVVIK	REGNSKAP HITTIL	BUDSJETT HITTIL	AVVIK	BUDSJETT 2014
Kostnader:							
<u>11150</u> Beverting/ Matvarer				75		-75	
<u>11231</u> Møteutgifter				62		-62	
<u>11600</u> Bilgodtgjersle, oppgaveplikt				1		-1	
<u>11700</u> Reiseutgifter, ikkje oppgave				3		-3	
<u>14290</u> MVA utanfor mva-loven				5		-5	
SUM Kostnader:				147		-147	

Inntekter:

<u>17290</u> Kompensert mva.				-5		5	
NTO DRIFT				141		-141	
NETTO Ungdommens fylkesting				141		-141	

Arkivnr: 2014/560-42
Saksbehandlar: Ingeborg Borgen Takle

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Ungdommens fylkesutval	27/14	30.04.2014

Ungdommens planprogram - framdrift

Samandrag

Ungdommens fylkesting vedtok Ungdommens planprogram 26. januar 2014. Dette dokumentet skal styre Ungdommens fylkesutval sitt arbeid i inneverande år. Det vil vere naturleg å ha ein oppsummering av kva framdrift som har vore til nå og korleis ein skal jobbe med planen vidare.

Ungdommens planprogram kan dykk finne her: <http://www.hordaland.no/Hordaland-fylkeskommune/Politikk/Politiske-organ/Ungdommens-fylkesting-og-fylkesutval/>.

Forslag til avgjerd

Saka vert lagt fram utan tilråing.

Ingeborg Borgen Takle
rådgjevar

Saksfremlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Arkivnr: 2014/560-37
Saksbehandlar: Ingeborg Borgen Takle

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Ungdommens fylkesutval	28/14	30.04.2014

T-skjortar til Ungdommens fylkesutval

Samandrag

Ungdommens fylkesutval treng klede for å representere utvalet i ulike situasjonar. På førre møtet fekk ein sjå på tilbodet frå Tess, både modellar, kvalitet og storleikar. Det vart diskutert fargar og print.

Økonomi:

For å få trykka det dykk ønskjer kostar det 400 kr pr trykk for å stille maskinane inn til malane, det vil seie eit trykk framme og eit bak.

Logoen framme vil koste ca 20 kr pr t-skjorte og trykket bak vil koste ca 40 kr pr t-skjorte.

Pique-skjortane kostar 63 kr pr stykk og dei vanlege t-skjortane kostar 40 kr pr stykk.

Ein pique-skjorte med trykk vil derfor koste ca 123 kr og ein vanleg t-skjorte med trykk vil koste ca 100 kr pr stykk. Tillegg for begge t-skjortane er 800 kr for å stille inn maskinane.

Trykk:

Kommunikasjonsavdelinga vil kome med eit forslag til trykk.

Det vil ta minimum 2 veker frå t-skjortane er bestilt til dei vert levert.

Forslag til avgjerd

Ungdommens fylkesutval vedtek å bestille x antall x-skjortar med slikt trykk:

Ingeborg Borgen Takle
rådgjevar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Arkivnr: 2014/560-38
Saksbehandlar: Ingeborg Borgen Takle

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Ungdommens fylkesutval	29/14	30.04.2014

Informasjonspakke til Ungdommens fylkesutval

Samandrag

Ungdommens fylkesutval har som eit satsingsområde at dei skal verte meir synlege blant målgruppa. I samband med det har ein skrive kva ein ønskjer ein informasjonspakke til:

Til ungdomsråd:

Informasjon om kva UFT og UFU er

Kontaktinformasjon til UFU

- Korleis kan ein bli med i UFU
- Informasjon om korleis ein kan sende inn sakar til UFU
- Kva sakar ein kan sende inn til UFU
- Ungdommens Planprogram 2014

Til VGS:

- Plakatar til å henge opp på skulen som inneheld: Kva UFT og UFU er, kontaktinformasjon, korleis ein kan sende inn sakar til UFU og kva sakar ein kan sende inn. Plakatane må og innehalde logo og eit kult bilete av UFU?

Til elevråd på VGS:

- Ungdommens Planprogram 2014
- Informasjon om kva UFT og UFU er
- Kontaktinformasjonen til UFU
- Informasjon om korleis ein kan sende inn sakar til UFU

Til fylkeskommunen :

- Ungdommens Planprogram 2014
- Informasjon om kva UFT og UFU er
- Kontaktinformasjonen til UFU

Det har vore diskutert å berre trykke opp informasjon i visittkortstorleik der ein kan finne heimesida, facebook-sida, osv. Same bilete, eller tilsvarande, kan ein ha som eit bilete som kan verte vist på digitale monitorar på skulane. Det vart og diskutert roll-ups med informasjon om UFU/UFT.

Forslag til avgjerd

Ungdommens fylkesutval vedtek å bestille ein informasjonspakke med følgjande artiklar:

Og følgjande tekst på artiklane:

Ingeborg Borgen Takle
rådgjevar

Saksfremlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Arkivnr: 2014/560-44
Saksbehandlar: Ingeborg Borgen Takle

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Ungdommens fylkesutval	30/14	30.04.2014

Ny heimeside til Ungdommens fylkesutval

Samandrag

Ungdommens fylkesutval var i det ordinære fylkesutvalet i hausten 2013 og ønskja nye heimesider. Fylkesordførar Tom-Christer Nilsen støtta førespurnaden og kommunikasjonsavdelinga kom opp med eit forslag til nye sider, med ein kortare adresse. Kommunikasjonsavdelinga ventar nå på å få innspel frå Ungdommens fylkesutval om korleis ein ønskjer sidene og tekst som skal ligge på dei.

Ansvarlege for Eigen organisasjon har kome opp med eit forslag til førstesida. Sjå vedlegg.

Forslag til avgjerd

1. Ungdommens fylkesutval vedtek å sende inn følgjande forslag til heimsider:
2. Ungdommens fylkesutval vedtek å bruke følgjande tekst på dei nye heimesidene:

Ingeborg Borgen Takle
rådgjevar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Header

Ungdommens fylkesting og fylkesutval

HFK-
område

Formålet med Ungdommens fylkesting (UFT) i Hordaland er å vere ein arena for ungdom frå heile fylket, å programfeste deira politiske synspunkt og arbeide for å få gjennomslag for desse ved å vere talerøret for ungdommen i politikken i Hordaland. UFT møter ein gong i året. Ungdommens fylkesting vel Ungdommens fylkesutval (UFU).

Reglement, mandat og Ungdommens planprogram (pdf)

Reglement

Mandat

Ungdommens planprogram

Meir om Ungdommens fylkesting og Ungdommens fylkesutval

Ungdommens fylkesting - aktuelt

Sak

UFT-logo (m/link til hfk.no/uft)

Snarvegar

Planlagde møte i UFU og UFT

Ferdige møte i UFU og UFT

Andre dokument

Kontak oss

Andre nettstader

Elevorganisasjonen

Kulturkortet

Skyss

Facebook-link

HFK-
område

Arkivnr: 2014/560-36
Saksbehandlar: Ingeborg Borgen Takle

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Ungdommens fylkesutval	31/14	30.04.2014

Helgemøter for Ungdommens fylkesutval

Samandrag

Ungdommens fylkesutval har tidlegare vore vant med å ha arbeidshelgar for å vere saman sosialt og for å jobbe meir effektivt over lengre tid. På førre møte vart det diskutert å ha to helgemøter til, eit i august/september (for å kome i gang igjen og for å planlegge nettverkssamlinga) og eit i november/desember (for å planlegge Ungdommens fylkesting).

Forslag til avgjerd

Ungdommens fylkesutval vedtek å ha to helgemøter til hausten på slik dato:

Ingeborg Borgen Takle
rådgjevar

Saksfremlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Arkivnr: 2014/560-40
Saksbehandlar: Ingeborg Borgen Takle

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Ungdommens fylkesutval	32/14	30.04.2014

Erklæring frå Ungdommens fylkesutval - Grunnlovsseilassen

Samandrag

Ungdommens fylkesutval skal, saman med Ungdommens bystyre i Bergen og ungdommar i Hordaland, skrive ein erklæring som skal leverast til kapteinen på Grunnlovsseilassen 31. mai. I samband med dette skal Ungdommens fylkesutval og Ungdommens bystyre i Bergen samanfatte sakane dei ønskjer å fremja. Det er naturleg at Ungdommens fylkesutval tek utgangspunkt i Ungdommens planprogram, med særleg fokus på satsingsområda, i arbeidet med ein slik erklæring.

Forslag til avgjerd

Ungdommens fylkesutval vedtek å fremja følgjande punkt til erklæringa frå ungdom i Hordaland til Grunnlovsseilassen:

Ingeborg Borgen Takle
rådgjevar

Saksfremlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Arkivnr: 2014/560-41
Saksbehandlar: Ingeborg Borgen Takle

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Ungdommens fylkesutval	33/14	30.04.2014

Elevrådshandbok - vidare arbeid

Samandrag

Ungdommens fylkesutval laga i fjor ein elevrådshandbok. Den vart nesten heilt ferdig før jul, men sakna nokre rettingar. Sjå vedlegg.

Det har vore diskutert å gje den ut til Bergen Katedralskule som ein prøveordning.

Forslag til avgjerd

Saka vert lagt fram utan tilråing.

Ingeborg Borgen Takle
rådgjevar

Saksfremlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

§ 11-6,1-2

Elevråd og allmøte ved vidaregåande skolar

Ved kvar vidaregåande skole skal det vere eit elevråd med minst ein medlem for kvar tjuande elev. Elevrådet blir valt ved skriftleg røysting.

Elevrådet er ein viktig medverknadskanal for elevane, det er elevane sin måte å nå opp til administrasjonen og vidare byråkratiet.

Elevråd er lovfesta i opplæringslova og alle vidaregåande skular skal ha eit elevråd.

Elevråd er ein viktig medverknadskanal for elevane ved skulen og du som tillitsvald har ein viktig oppgåve på deg når du stiller deg villig til å representere elevane i klassen din. Det å være tillitsvald kan verke som ein skremmande oppgåve, men her ønskjer vi å klargjere kva som er din og elevrådet sitt ansvar.

Denne brosjyren er første del av ein serie elevrådshjelpemidlar designa for den vidaregåande skulen. Lykke til med elevrådsarbeidet!

Vennleg helsing Ungdommens fylkesting



**HORDALAND
FYLKESKOMMUNE**

Agnes Mowinckels gate 5
Postboks 7900
5020 Bergen

Telefon: 55 23 90 00
e-post: HFK@hfk.no

www.hordaland.no

Elevrådshandboka

Nøkkelen til eit godt elevråd



UNGDOMMENS FYLKESTING
HORDALAND FYLKESKOMMUNE



Retningslinjer for elevråd:



Organisatoriske vedtekter

Elevrådet bør verte samansett av 1 representant per 20 elev, jfr. Oppll. §11-6, 1-2. Representantar og vararepresentantar skal veljast ved skriftleg og anonym votering¹, stemmene skal teljast opp av lærar og tal stemmer skal ikkje offentleggjerast.

Elevrådet bør veljast ved starten av kvart skuleår. Rådet bør ha eit konstituerande² møte så tidleg som mogleg etter valet, her bør det oppnemnst leiar, nestleiar og elevrådsstyre.

Oppbygging og møte

Elevrådet bør byggjast opp etter ein parlamentarisk modell³. Elevrådsstyret bør vere samansett av minst 1 per 10 medlem og varamedlem.

Elevrådsstyret bør ha møte minst ein gong annakvar veke, elevrådet bør ha møte ein gong i månaden. Elevråds- og styremøta bør haldast i friminutt⁴ (evt. inn i neste time).

Elevrådet bør ved konstituerande² møte velje ein referent som skal føre referat. I referatet står alle saker som elevrådet behandlar, eventuelle pausar, ekstraordinære⁵ hendingar osv. Referatet skal

¹ Røysting

² Oppstartmøte

³ Styretype der eit større råd (elevrådet) vel eit styre (elevrådsstyre) som skal arbeide med det rådet vedtar.

⁴ Dette vert gjort for å redusere talet på tapte skuletimar

⁵ Annleis

i etterkant av møtet gjerast tilgjengeleg for resten av skulen. Administrasjonen kan vere representert ved ein lærar om elevrådet ønskjer det, elevrådet kan velje å stengje møtet for lærarar.

Det skal i forkant av møtet sendast ut innkalling til møtet. Innkallinga skal sendast ut 2 veker før møtet. Med innkallinga skal referat frå førre møte sendast ut.

Elevrådet sine ansvarsområde

Elevrådet sine ansvarsområde er i hovudsak å fremje elevane på skulen sine meiningar for administrasjonen på skulen. Elevrådet bør fremje arbeid for å sikre det fysiske og psykososiale⁶ miljøet ved skulen. Elevrådet skal fastsetje kva elevrådsstyret skal arbeide med i perioden fram til neste elevrådsmøte.

Elevrådet bør ha eit godt samarbeid med administrasjonen ved skulen og FAU. Elevrådet bør arbeide med å informere elevane om andre medverknadskanalar for ungdom, dei bør også arbeide med å informere elevane om rettane deira i undervisningssamanheng.

Ditt ansvar som representant

Som representant er hovudansvaret ditt å stille på møta og drive aktivt arbeid med satsingsområdet ditt. Når du stiller til val, så er det frivillig. Det betyr at du har meldt deg frivillig til å arbeide med elevrådet både på skulen og i fritida. Elevrådsarbeid er ikkje løna arbeid, men du får attest⁷. Attest vert på oppfordring skriven ut av elevinspektør⁸.

⁶ Mentale miljøet ved skulen (mobbing etc.)

⁷ Attest er eit dokument som viser kva du jobba med i elevrådet, kor mange møte du stilte på, kva verv du eventuelt hadde. Dette kan først opp på CV.

⁸ Ønske om å få noko

Du har teieplikt om nokon trur⁹ seg til deg med sensitiv informasjon. I relasjon¹⁰ med elevrådsarbeidet har du teieplikt på lik linje med andre tillitsvalde, om ein i klassen trur⁹ seg til deg med informasjon du meiner ein lærar bør vite (mobbing etc.) rår du eleven i å ta kontakt med administrasjonen.

Du som tillitsvald skal representere alle si meining på ein upartisk¹¹ måte i elevrådet, det er viktig at tilliten din som tillitsvald vert oppretthalden¹².

Ditt ansvar som leiar, nestleiar

Som leiar har du det overordna¹³ ansvaret for elevrådsarbeidet, du sender ut innkallingar og sakslistar. Det er leiaren som startar og avsluttar møta.

Leiaren har også eit inkluderande ansvar da han/ho skal syte for at alle i elevrådet føler seg velkomne på møta. Leiaren har også eit overordna¹³ ansvar for elevrådsstyret og skal drive lobbyverksemd¹⁴ overfor eventuelle samarbeidspartnarar.

Elevrådsleiar bør ikkje ha eit eige ansvarsområde utover vervet som leiar. Dette grunna at leiaren skal fordele oppgåver til elevrådet og styret, leiaren skal også ta omsyn til alle si meining. Nestleiar si oppgåve er hovudsakeleg å fungere som leiar i situasjonar når leiaren ikkje deltek i møtet, t.d. ved fråvær eller inhabilitet.

⁹ Gjev deg fortrulege opplysningar

¹⁰ Samanheng

¹¹ Nøytral

¹² Ikkje vert svekt

¹³ Øvste

¹⁴ Ha kontakt med



PS 34/14 Ymse